



# Nytt

Fra ordfører'n

Da er tida kome for å skriva siste "ordførers side" denne valgperioda. For meg har dette vore fire svært interessante, lærerike, morosomme - og krevjande år. Eg har hatt gleda av å bli kjent med utruleg mange dyktige og trivelege folk, både blant kommunens mange flinke tilsette, engasjerte politikere og samarbeidspartnere på mange ulike arenaer og fagfelt. Det er mange som legg ned stor innsats kvar einaste dag for at det skal vera godt å leva i Ringebu, og mange som er med på å forme framtida for bygda vår.

Kommunane har eit svært vidt ansvarsområde som spenner over mange ulike fagfelt. Alle som bor eller oppheld seg i bygda vår er på ein eller anna måte i kontakt med kommunen. For meg er det breidda i oppgavene som gjer kommunepolitikken så interessant. Det er lite hjelp i gode barnehagar og skoler om dei som vil etablera seg i kommunen ikkje finn bolig som passer deira behov. Likeeins er vi avhengig av eit variert og livskraftig næringsliv med tilgang på arbeidsplassar for at kommunen skal få skatteinntekter slik at vi kan ha gode helse- og omsorgstenester.

Eit tilbakeblikk på arbeidet i kommunestyret gjennom perioda syner at saksfeltet er utruleg breitt. Vi har vedteke mange planar desse fire åra. Nokre av dei har vi arbeidd mykje med, slik som Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen vedtok vi i 2014, og den skal vera førande for kva kommunen skal ha fokus på framover. Arealdelen har nå vore ute på første høyring, og det ser ut til at det blir harde tak med både fylkesmann og fylkeskommune for å få lagt til rette for den utviklinga vi ønskjer både i fjellområda og nede i bygda.

Andre saker vi har arbeidd med har vore E6, med trasevalg, opptreksarm og kryssløysing på Frya, oppfølging etter flommen i 2013, ferdigstilling av Linåkertunet, tilbygg på Fåvang skole, utviding av kyrkjegarden ved Ringebu kyrkje, sentrumsopprusting både i Ringebu og på Fåvang, etablering av Freskus, utarbeiding av kriterier for tildeling av omsorgstenester, årleg gjennomgang av kvalitet og innhald i skolen, erverv og opparbeiding av boligområder, ny organisering og nye vedtekter for Gudbrandsdal Energi,

oppretting av Ringebu Næringsforum, oppretting av tilskottsordning for nydyrking og deltaking i søknadsarbeidet for OL i 2022 for å nemne noko, i tilfeldig og ikkje prioritert rekkefølge.

Når dette skrives er det att nokre veker til kommunevalget, og vi som stiller til valg går ei spanande tid i møte. Etter at veljarane har sagt sitt om kven dei ønskjer skal styre kommunen framover vil det heilt sikkert bli mange møter og harde drakampar mellom partia når posisjonar skal fordelast og alle styrer, råd og utval skal på plass til det nye kommunestyret starter sitt arbeid i slutten av oktober.

Vi som nå er i formannskapet og kommunestyret må bruke hausten til å leggja eit godt grunnlag for det arbeidet neste kommunestyre skal ta over. Dei blir kasta rett inn i økonomiplan og budsjett, og skal vedta dette ganske raskt etter konstitueringa. Budsjettarbeidet ser ut til å bli krevjande i haust, og eg håper alle partia vil bidra til at det nye kommunestyret kan ta over eit godt gjennomarbeidd forslag.

Kommunereformen er ei anna stor sak som vil bli slutført i neste periode. Det legges nå mykje arbeide i ein intensjonsplan for å danne ein ny kommune saman med Gausdal, Lillehammer og Øyer. Ringebu er svært aktivt på i denne prosessen slik at vi får fram mest mogleg kunnskap om kva dette i tilfelle vil bety for tenestetilbod, arbeidsplassar, lokaldemokrati og utvikling i Ringebu. Denne planen skal innbyggjarane seie ja eller nei til ved folkeavstemming i januar.

Samstundes er vi nå i oppstarten av arbeidet med å sjå på alternativet med å gå saman med Sør-Fron og Nord-Fron til ein Midtdalskommune. Dette vil ikkje kunne bli like godt utgreidd som Sördalsalternativet fram til folkeavstemminga, men vi må sørge for at vi har nok kunnskap til at alternativa kan vurderast opp mot kvarandre når folket skal ta stilling til dette.

Vi har brukt svært mykje tid på kommunereformen siste året. Det er ikkje fordi vi er overbevist om at kommunestrukturen må endres, men fordi vi ønskjer mest mogleg kunnskap om kva ei eventuell endring vil bety for Ringebu før vi tek eit endeleg valg.

Målet er at når innbyggjarane skal ta stilling til om Ringebu skal fortsetja som eigen kommune eller gå samen med anten fronskommunane eller sördalskommunane, så skal folk ha god innsikt i kva som er fordelar og ulemper med dei ulike alternativa.

Eg takker for fire givande år som ordfører, og ser fram til å vera med på å utvikle bygda vår vidare anten rolla mi blir den eine eller den andre i kommande periode.

God haust!